



Alver kommune v/plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

**Referanser:**

Dykkar: 2d6e1cb9-f852-470f-  
befa-2f09bf3d2ba0  
Vår: 22/3582 - 22/35737

**Saksbehandlar:**

Rolf Raknes  
rolf.raknes@alver.kommune.no

**Dato:**

09.05.2022

## **Oversender søknad til uttalelse - gbnr 424/303 Bø**

Eining for Plan og analyse har den [dato] motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale for eigedommen gbnr 424 gbnr 303 Bø.

### **Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om oppføring av tomannsbustad og dispensasjon frå følgjande tilhøve/føresegner: 1)Reguleringsformål veg 2)Reguleringsformål offentlig bebyggelse 3)Byggegrense mot kommunal veg..

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bø-Nordbø Plan ID nr. 1260\_1994000100 er definert som område for bustad, veg, og offentlig bygnad.

### **Dispensasjon**

Det er søkt dispensasjon når det gjeld:

- Arealføremål
- Andre juridiske objekt og liner

Plan og analyse tek i sin uttale stilling til dei dispensasjonane som er søkt.

Ref §6 i gjeldande planføresegner er det i tillegg naudsynt med dispensasjon frå krav om utbyggingsplan ( i dag , detaljregulering)

### **Planfagleg uttale**

Omsynet bak arealføremåla er i hovudsak bustadføremål og vegføremål. Eigedommen er også omfatta av ein eldre reguleringsplan (Bø-Nordbø PlanID: 12601994000100)


Viser til føresegnene i nemnde plan der det i §6 er krav om utbyggingsplan. Etter noverande regelverk vil det bety detaljreguleringsplan. Slikt krav om detaljplan har ikkje vore utøvd i andre delar av dette området og bør difor kunne dispenserast.

Då vegkrysset i området ikkje er bygd etter plan, vil det vera teneleg å dispensera frå arealføremål og juridiske liner.

Ein gjer merksam på at det nord for dette tiltaket er teke initiativ til detaljregulering.

Ref . 20/18873 Plansak Detaljregulering Nordbø - PlanID XX

Dette planarbeidet er ikkje sett i gang , men det er likevel viktig at det i denne saka vert teke omsyn til siktilhøva i krysset mot Nordbø og at det vert teke omsyn til at det kan kome krav om fortau vidare nord. Tiltaket som er under handaming her må ikkje legga hinder for vidare utbygging på Nordbø.



Frisiktsoner i kryss må takast omsyn til.  
Det same gjeld byggjegrense mot veg.  
Omsyn til mogeleg fortau vidare mot nord må takast med i vurderinga.

Vurdering av omsyn og konsekvensar av ein eventuell dispensasjon:

Så lenge omsynet til areal til kryss med utvida vegbreidd mot nord (inkludert evt fortau) er ivareteke er vurderinga at det ikkje vil vera særlege negative konsekvensar av omsøkt tiltak. Hovudarealføremålet er bustad og dispensasjon vil berre gjere det betre å gjennomføre intensjon i gjeldande plan.

### Tilråding

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde til at det vert gjeve dispensasjon frå

- Arealføremål
- Andre juridiske objekt og liner

Og evt plankrav.

for omsøkt tiltak på eigedomen gbnr 424 gbnr 303 Bø.

På vilkår av at siktilhøva og utforminga av kryssløysing vert teke omsyn til i samband med framtidig regulering/utbygging nord for denne eigedomen.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og analyse

Rolf Raknes

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG